

## Referat frå årsmøte i FAU 16.september 2015

*Tilstades: FAU for skuleåret 2014/15, Inger Morken Ellingsen – rektor, foreldre/føresette ved skulen (ca. 40 stk.)*

### Årsmelding

FAU ved Tor Erik Skråmestø la fram årsmeldinga for FAU 2014/15. Den vart godteken.

Rekneskap.

rekneskapan for 2014/15 føreligg ikkje enno i sin heilskap. Den vert lagt ut på kommunen si heimeside når den er klar. Nina Uthaug informerte om at FAU har gjort små innkjøp, primært til 17.mai arrangementet, kvar klasse skal få 2000 kroner av overskotet, og at FAU bør ha eit minimumsbeløp på konto til å halda 17.mai a kr. 50000 (til vekslepengar, innkjøp i forkant av arr. Og liknande).

### Info frå rektor

Kommunepsykolog.

Radøy kommune har tilsett ein kommunepsykolog. Kommunepsykologen tilbyr psykisk helsehjelp til barn og unge med milde til moderate psykiske lidingar. Tilbodet er for born og unge i alderen 0-23 år. Psykologtenesta skal vere eit lågterskeltilbod med fokus på førebygging og meistring. Sakshandsaminga skal vere rask, og helsehjelpa vil ha eit korttidsperspektiv. Meir informasjon kan ein finna på kommunen sine heimesider: <http://www.radoy.kommune.no/kommunepsykologtenesta-for-barn-og-unge.5790229-358525.html>

### Helseteam.

Radøy kommune har eit tverretatleg helseteam. Der deltek fagpersonar frå psykisk helse, helsestasjon, barneverntenesta og PPT. Helseteamet har møte ein gong kvar månad til faste tider. Tilbodet kan nyttast av foreldre, elevar og lærarar. Dei som har brukt helseteamet, har ønskt å ta opp utfordringar som dei står overfor som foreldre, skule eller som ungdom. Meir informasjon kan ein finna på Radøy kommune sine heimesider: <http://www.radoy.kommune.no/helseteam.308496.nn.html>

### Parkeringsplassen på skulen.

Det er løyvd pengar til oppgradering av parkeringsplassen og rundkøyringa ved skulen. Arbeidet vil i hovudsak gå ut på å utvida rundkøyringa og laga fortau borna kan nytta frå rundkøyringa og til skulen. Det vert ikkje auke i parkeringsplassar. Dette arbeidet vert sett i gong i slutten av 2015. Vegen vil då vera stengt for all trafikk unnateke utrykningskøyretøy. Skulen v/ rektor oppmodar igjen foreldra til å vera varsame og visa omsyn når dei hentar og bringar borna sine på skulen. Mykje trafikk kan skapa uoversikteleg og farlege situasjonar.

### Miljøretta helsevern

Skulen vart ikkje godkjent grunna parkeringstilhøva, garderobane og at kommunen mangla vedlikehaldsplan for åra framover.

### **Førebygging mobbing**

Skulen arbeider mykje for å førebyggje mobbing. Det er viktig at foreldre tek kontakt dersom dei høyrer om, eller veit om mobbing.

### **Foreldreundersøkinga.**

Kommunalsjef for oppvekst Jo Tømmerbakke vil informera nye FAU om foreldreundersøkinga på deira første møte i haust.

Manger 17.09.15

Marianne V. Lilletveit - referent